

VILLUMS VISE

**Eg er en meget gammel mann og lever ikkje her.
Mi grav er glømt og mine bein er borte.**

**|: Nå reiser der seg nye hus der gamlestua sto,
i Lyngdal oppå plassen Oftebro. :|**

**Her levde eg i gammel tid, til atten-åttå-førr
som husmann under sjølve prestegården.**

**|: Men sjøl om me var fattige og arbeidsplikta stor,
så fant me alltid håp i Herrens Ord. :|**

**Men aldri må me gløyme de mange harde år
i førstninga på attenhundre-talet.**

**|: For ute i Europa der var krig og her var nød.
Me berga knapt på mort og barkebrød. :|**

**Og ikkje alle klarte seg i slike magre kår,
men også vonde dager har en ende.**

**|: Vår litle Henrik levde opp og vaks seg sterk og stor,
tok plassen over etter far og mor. :|**

**Og slekta vaks seg sidan stor, og mange vandra ut,
for Lyngdal hadde ikkje plass til alle.**

**|: Og mange seilte vestover til landet over der.
Mens andre dro mot sør, som misjonær. :|**

**For bakenom Atlanteren der låg et anna land.
Et land med åpen praeri uten ende.**

**|: Et land der folk var like og der matjorda var rik.
Mange av oss fant seg veien dit. :|**

**I Lyngdal oppå Oftebro der låg en liten plass,
en husmannsplass innunder prestegården.**

**|: Og jordlappen var mager, og stua ikkje stor.
Men store trær kan gro fra mager jord. :|**

**Ja slektene har skifta, og mange år har gått.
Fra den gang da eg spadde mold i Lyngdal.**

**|: Men enda minnes mange godt kor de en gong kom fra.
I dag kan gamle Villum være glad. :|**

Villum's Vise

Eg er en meget gammel mann og
lever ikkje her. Mi grav er gløymt og
mine bein er borte. Nå
reiser det seg nye hus der
gamlestua sto, i Lyngdal oppå
plassen Ofte bro. Nå -bro.

Chords: G, C, D7, D7/F#, Am, G

HA 03-04

